

Konklusjon frå politisk varslingssekretariat på varsel mot kommunedirektør Jan Myrekrok frå [REDACTED]

Politisk Sekretariat med prosedyre er oppretta og vedteke av kommunestyret. Politisk sekretariat valt av kommunestyret er ordførar Jon Rikard Kleven (SP), varaordførar Nils Johan Svalastog Garnes (SV) og opposisjonsleiar Børge Skårdal (VTB). Sekretær for sekretariatet er kommunalsjef for Organisasjon og innovasjon Margit Karsen.

Til grunn for vår handsaming av varselet på kommunedirektøren har vi hatt

- varselet frå 08.01.2026 [REDACTED]
- avklaringsmøte med varslar [REDACTED]
- avklaringsmøte med kommunedirektør Jan Myrekrok 27.01.2026
- rapport frå Helmr frå 13.04.2026
- samtale med kommunedirektør 19.05.2026 for hans syn på rapporten frå Helmr, kommunedirektøren si oppfølging av sjukefråværet til varslar og vidare handtering av varsel mot [REDACTED]
- [REDACTED] har motteke rapporten, men har ikkje gjeve tilbakemelding.

Sekretariatet har hatt fleire møter. Først møte 15.01.2026, og siste møte dato 01.06.2026.

Vi viser til rapporten frå Helmr som vi sluttar oss til. Vi vil i tillegg peike på følgande uheldige faktorar:

- Det synest å vere for lite dagleg kontakt mellom leiarar på ulike nivå i sektoren, særleg uformell kontakt som kan avklare spørsmål/problem straks dei oppstår.
- Bruk av heimekontor synest å ha gjort [REDACTED] mindre tilgjengeleg og slik gjort [REDACTED] situasjon vanskelegare.
- Terskelen for å ta opp uheldige forhold synest å vere svært høg og reaksjonstida for lang.
- For leiarar i kommunen er det stor spennvidde når det gjeld forventning om grad av fridom kontra detaljstyring. Dette forholdet kunne vore drøfta meir med [REDACTED] ved tilsetjing sidan det er tydeleg at forventningane spriker.

Konklusjon:

1. Det har ikkje skjedd lovbrøt ift Arbeidsmiljølova.
2. Varselet har rett i at det har vore manglar i dagens struktur. Varselet bygg såleis opp om dei prosessane som er i gang. Hadde det ikkje vore pågåande prosessar, måtte dei ha blitt påbegynt.
3. Kommunedirektør har stadfesta at han vil følge opp framlegga til tiltak i rapporten frå Helmr. Vi legg til grunn at det skjer.
4. Praksis med omfattande bruk av heimekontor for [REDACTED] er ei dårleg løysing, og kan skade samhandling og relasjonsbygging i organisasjonen. Slik praksis bør det ikkje opnast for.
5. I denne sektoren - t.o.m. kommunedirektør, er det ei responstid på uheldige forhold som forsterkar og sementerer problema. For leiarar i sektoren er det her eit forbettringspotensial som kommunedirektøren må utløyse. Bruk av eksterne rådgjevarar kan berre vere eit supplement.

Politisk varslingssekretariat lukkar varselet som gjeld kommunedirektør Jan Myrekrok.

Oppfølging av varselet knytt til [REDACTED] ligg utanfor det politiske varslingssekretariatet sitt mandat. Det er etter kommunestyret sitt vedtak om prosedyre og personval lagt til administrativt varslingssekretariat som består av arkivleiar Eva Kristin Aastad, HR- og kvalitetsrådgjevar Eva Vistad og verksemdsleiar for kultur Kristian Rantala.

Denne konklusjonen blir sendt til varslar, kommunedirektør og administrativt varslingssekretariat.

Vinje, 01.06.2026



Jon Rikard Kleven



Nils Johan Svalastog Garnes



Børge Skårdal